

Bergen Og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap
Hellebakken 45
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4564 - 23/79585

Saksbehandlar:
Mari Emilie Pettersen Hagenlund
mari.emilie.pettersen.hagenlund@alver.
kommune.no

Dato:
16.10.2023

Førehandsuttale angåande søknad om fritak for foryngelsesplikt - Io friluftsområde

Alver kommune ser positivt på at BOF's eigedom på IO friluftsområde skal omdisponerast til hei/beite. Reelle tiltak for omdisponering frå skogsareal til hei/beite kan gje fritak frå foryngingsplikta som trer i kraft i 2026 for området. Følgande tiltak bør bli gjennomført:

- Området bør ryddast for hogstavfall for å sikre god framkommelegheit og etablering av lyng
- Området bør ryddast for oppslag/naturleg forynging av sitka (*Picea sitchensis*), contortafuru (*Pinus contorta*) og andre framande bartrearter og haldes opent.
- Området bør så langt det lar seg gjere attendeførast til kystlynghei/ope kystlandskap.

Området vil krevje mykje skjøtsel i åra framover for å ikkje gro att pga naturlig forynging. Fritaket gjeld så lenge området vert halde ope og dermed ikkje vert regna som skog. Veks området att vil det igjen reknast som skog og skogsmark og foryngingsplikta kan igjen tre i kraft.

Saka gjeld:


Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) ønskjer førehandsuttale frå kommunen angåande fritak frå foryngingsplikt på IO-friluftsområde. BOF ønskjer å attendeføre området til kystlynghei.

VURDERING:

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er grunneigar av eigedomane GNR/BNR349/55,57,58,59,60,61,62,63,65,72,74,76,78,108 som til saman utgjer Io friluftsområde. Nemnte eigendommar inngår i Miljødirektoratets ordning «statleg sikra» der eigedomane vert beskriven i «Naturbase» som eit viktig regionalt friluftsområde med høg brukarfrekvens (av publikum). Samla areal er ca. 788 daa. Friluftsområdet egnar seg for turgåing, fiske, bading

og strandbaserte aktivitetar, samt båtutfart. Io er også destinasjon for padlarar der den nyleg oppførte padlehuken utgjer eit turmål og inngår i «ro- og padleleden». Området er utstyrt med parkeringsplass, toalett og flotte teltplassar.

Området er prega av høg grad av sitkagran. Skogen har dei siste åra vekst seg stor og tett, noko som gjer at publikum får redusert sine friluftsverdiar ved redusert sikt og vanskeleg framkommeleghet. BOF vart i november 2022 kontaktet av skogbruksleder Nordhordland i selskapet AT Skog, Kevin Sinclair. Sinclair fortalte han hadde vært på befaring i området og observert store partier hogstmoden skog med sannsynlig høy andel (>80%) av sagtømmer og forespurte tillatelse til hogst. Hogstmoden skog er markert med de rosa skraverte områdene vist i kartutsnittene (A) nedenfor. Friluftsområdet er markert i kartutsnittet (B)



Kartutsnitt (A) – hogstområde



Kartutsnitt (B) – Io friluftsområde

BOF aksepterte tilbod frå AT Skog i mars 2023. Hogsten starta i april 2023. Andre grunneigarar i området har inngått tilsvarende avtalar med AT Skog.

BOF ønskjer fritak frå foryngingsplikta. Grunngjeving for fritak er at BOF ikkje har mål om kommersiell skogsdrift i framtida, verken her eller andre stadar, men ønsker at friluftsområdet skal vere tilgjengeleg for allmenta som tur- og rekreasjonsområde. BOF ser derfor på hogst som eit viktig verkemiddel i frilufts-forvaltninga av området. Som andre grunneigarar, som også tar ut skog, ønskjes det vidare å bringe området tilbake til tradisjonelt opent område med kystlynghei. Det informerast vidare om at BOF har beiteavtale med lokal gardeigar om utplassering av vill sau som eit skjøtselsverktøy.

I følgje skogbrukslova § 6 skal «skogeigaren sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Nødvendige tiltak for å legge til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedda». Det er kommunens ansvar å kontrollere at foryngingsplikta vert oppretthaldt og vurdere kvart enkelt tilfelle.

I følgje Forskrift om berekraftig skogbruk § 7 skal skogeigar gjennomføre nødvendige tiltak for å sikre tilfredsstillande forynging innan tre år etter hogst. Dersom forynginga skal skje ved planting skal ho vere gjennomført innan tre år etter hogsten.

I Alver kommunes NMSK strategi står det beskriven at deler av Alver kommune er med i Landskapsregion 20 – Kystbygdene på Vestlandet. Landskapsregion 20 dekkjer ein del areal langs kysten og på øyer som kan vere ueigna for skogproduksjon. Her er det samfunns- og miljømessig ynskjeleg å halde oppe den opphavelege naturen eller føre attende naturen til opphaveleg tilstand så langt som mogleg. Landskapsregion 20 (NIBIO) har mykje av naturtypen kystlynghei som ein skal ta særskilt vare på og/eller utvikle. I nokre av desse områda kan det vere ynskjeleg å redusere aktiviteten i skogbruket, medan ein i andre delar kan ha stor aktivitet. Kva område som fell inn under "redusert aktivitet" vil verte vurdert i kvart einskilt søknadstilfelle.

Io friluftsområde ligg innanfor Landskapsregion 20.

Fritaket gjeld så lenge landskapet blir halde ope og attendeført (så langt det lar seg gjøre) til kystlynghei. Området vil da reknast som ope område eller kystlynghei og ikkje skog. Lukkast det å attendeføre området til kystlynghei kan området bli klassifisert som ein utvald naturtype av Miljødirektoratet i henhold til naturmangfaldloven § 4 og Forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldloven.

Regelverk

Forskrift om berekraftig skogbruk

Retningslinjer for prioritering av tilskot til skogbrukstiltak i Alver kommune 2023-2028

Lov om skogbruk (skogbrukslova)

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mari Emilie Pettersen Hagenlund
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bergen Og Omland Friluftsråd
Kommunalt Oppgavefellesskap

Hellebakken 45

5039 BERGEN